



## **Kunngjering av tilskot for å styrkje arbeidet mot barnefattigdom i 2016 Kap. 0621 post 63**

**Tilskotsordninga for å styrkje arbeidet mot barnefattigdom skal vidareførast i 2016. Formålet med ordninga er å bidra til å førebyggje og redusere fattigdom og sosial utestenging blant barn, unge og barnefamiliar. Oppgåva er å styrkje det sosiale og førebyggjande arbeidet i kommunane. Tilskotet skal også bidra til utvikling og samordning av tiltak, tenester og kompetanse blant aktørane i lokalsamfunnet.**

Ein tek atterhald om vedtak i Stortinget.

### **Bakgrunn**

Det har vore ein klar auke i delen barn i låginntektsgruppa sidan tusenårsskiftet. Delen barn som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt, auka frå 8,0 prosent i 2012 til 8,6 prosent i 2013. Barn med innvandrarbakgrunn utgjer no over halvparten av alle barn i økonomisk utsette familiar.

Hushalda i Noreg har hatt ein sers sterk inntektsvekst sidan årtusensskiftet. Men ikkje alle hushalda har fylgd med den generelle inntektsveksten i samfunnet. Blant barnefamiliane gjeld dette spesielt einslege forsørgjarar, men også par med barn i aldersgruppa 0-6 år. Desse hushalda auka med 31 og 36 prosent frå 2000 til 2013.

Felles for barn som lever i familiar med vedvarande låginntekt, er at foreldra har svak eller inga tilknytning til arbeidslivet. Både låginntekt og sosiale problem kan overførast frå ein generasjon til ein annan.

### **Viktige satsingsområde er å**

- styrkje det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge i kommunen etter lov om sosiale tenester (§12)
- kartlegge levekår og utvikle tenester for målgruppa
- utvikle tiltak og verkemiddel som styrkjer det heilskaplege oppfylgings- og rettleiingsarbeidet overfor låginntektsfamiliar
- legge til rette for heilskapleg oppfylgingsarbeid i NAV-kontoret
- samarbeide, og samordne tiltak mellom NAV, barnevernstenesta, skulane, helsetenesta, barnehagane, friviljuge, oppfylgingstenesta og andre.
- styrkje barneperspektivet i NAV-kontoret for å sikre at det blir teke særlege omsyn til barns behov i alle vurderingane der tenestemottakaren har barn.
- å kartleggje og vurdere barnas situasjon når ein brukar med forsørgjaransvar vender seg til NAV-kontoret.

### **Målgruppa er:**

- barn, unge og barnefamiliar som er i kontakt med dei sosiale tenestene i NAV-kontoret
- barn og unge der foreldra deltar i Kvalifiseringsprogrammet (KVP)
- barn og unge i låginntektsfamiliar
- unge opp til 25 år som ikkje er i opplæring eller arbeid eller står i fare for å falle ut



### **Prioriterte tiltak i 2016:**

- tiltak som bidrar til å sikre barneperspektivet på NAV-kontoret
- utvikling av heilskaplege tiltak og tenester for barnefamiljar i form av motivasjon, råd, rettleiing og aktivitetar
- ferie- og aktivitetstilbod til barn og familieane deira som ein integrert del av den heilskaplege oppfølginga
- tiltak som bidrar til aktivitet og deltaking blant utsette barn og unge
- tiltak som bidrar til overgang til opplæring, arbeid og aktivitet for unge opp til 25 år som ikkje er under utdanning eller i arbeid
- utvikling og forankring av ein kommunal handlingsplan for å førebyggje og redusere fattigdom og sosial utestenging blant barn, unge og barnefamiljar

### **Vilkår for tildeling i 2016**

- Midlane skal stimulere til utvikling av nye arbeidsmåtar å jobbe med målgruppa på i NAV-kontoret.
- Kommunen skal ha gjennomført ei kartlegging av situasjonen på barnefattigdomsområde, som grunnlag for søknaden
- Midlane skal ikkje erstatte stillingar eller allereie eksisterande tenester i kommunen/NAV
- Midlar blir tildelte for eitt år av gongen. Hovudregelen er at det kan gjevast midlar i inntil tre år til det same formålet. Søknad om midlar for å utarbeide ein overordna og forpliktande handlingsplan for arbeid mot barnefattigdom kan i enkelte tilfelle vurderast for inntil eit fjerde år.

Søknadene skal vurderast med omsyn til del innbyggjarar som lever under låginntektsgrensa, og ut frå kommune/stat-rapporteringa – KOSTRA (sjå særleg skjema 11 og 11C). Kommunar som skårar lågt på levekårsvariablar blir prioritert.

Vi oppfordrar kommunane til interkommunalt samarbeid.

### **Forsknings- og utviklingsprosjekt for lavinntektsfamiljar**

Arbeids- og velferdsdirektoratet har starta opp eit prosjekt for å utvikle og prøve ut ein eigen modell for oppfølging og samarbeid om lavinntektsfamiljar. Det kan verte aktuelt å invitere inntil 30 NAV- kontor og kommunar til å delta i dette prosjektet og eventuelt prioritere desse når ein tildeler tilskot. Direktoratet vil kome attende med meir informasjon om dette prosjektet om kort tid.

### **Saksgang**

Utfylt søknadsskjema sender ein Fylkesmannen i det enkelte fylket. Bydelar i Oslo sender søknad via Byrådsavdeling for eldre og sosiale tenester. Søknader som blir sende utan godkjent elektronisk signatur, må også sendast inn per brev.

Fylkesmannen sender eit prioritert oversyn til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Utveljinga av tilskotskommunar blir gjort i møte mellom Fylkesmannen og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

### **Søknadsfrist: 1. februar 2016**

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med Fylkesmannen i ditt fylke.



**Annan informasjon:**

Vi viser også til Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementets (BLD) budsjettforslag. Sjå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets (Bufdir) nettside:

[http://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke\\_om\\_tilskudd/Barnefattigdom/](http://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke_om_tilskudd/Barnefattigdom/)